

Høyring om Justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner
Høyringsfråsegn ved sokneprest Kjetil Kringlebotten,
April 2018

**Høyringstema 1: KORLEIS AUKA KVALITETEN
OG TALET PÅ GUDSTENESTEDELTAARAR**

Høyringsspørsmål 1a-c

Eg ser både positive og negative trekk ved den reforma som har vore. Positivt bør det understreka at sjølv om gudstenestebesøket nokre stader har gått ned – ofte på grunn av nedskjeringar, samanslåingar og andre faktorar – så har antall nattverdsgjester mange stader gått opp. Dette er gledeleg. Men det er framleis utfordringar og det skal eg prøve å setje ord på her.

Det er ikkje bra at ein til tider ikkje kjenner seg heime i gudstenester feira i same kyrkjesamfunn, for ikkje å seie bispedøme, prosti eller fellesrådsområde. Som ein person som ser ein del ut over vårt eige land ser eg det som ein stor styrke at ein kan feire gudsteneste og i stor grad kjenne seg att ikkje berre i sitt eige kyrkjesamfunn eller sitt eige land, men at ein også kan kjenne seg att i gudstenester i t.d. England, Tyskland eller USA. Det vil alltid vere kontekstuelle forskjellar, men desse bør ikkje vere dominerande. Liturgiteologisk vil eg hevde at det var ei ulukke at dei såkalla ‘kjernverdiane’ i gudstenestereforma etter Ungdommens kyrkjemøte i 2003 – *fleksibilitet, involvering og stadeigengjering* – var av sosiologisk heller ein teologisk art og at dei i stor grad fokuserte på oss som aktørar framfor mottakarar. Dette aktørfokuset underminerte også styrken ved liturgien som noko gitt, noko vi har fått og kan gå inn i (og som vi har saman med kristne frå heile verda).¹ Det virkar også på meg som at to av desse verdiane, *fleksibiliteten* og *stadeigengjeringa*, i stor grad gjorde det vanskelegare å få til den tredje, *involveringa*. Involvering er bra, men den blir underminert når ein ikkje kjenner seg att i eit hav av valrikdom, spesielt dersom ein vågar seg utanom sitt eige sokn eller fellesrådsområde. Som sokneprest i forskjellige sokn med same liturgi, men i ein kommune der det er gjort ein del forskjellige val er eg nøgd med at det no kjem ei innstramming av gudstenesta.

Høyringsspørsmål 1d

Dei behova eg ser mest er at det ikkje bør vere for mange variasjonar av gudstenesteformer. Liturgiens styrke ligg nettopp i det repeterte, det gjentakande, der vi gong på gong blir deltakande i det Gud gir oss, det Kristus gir oss, han som er «i går og i dag den same, ja, til evig tid» (Hebr 13,8). Repetisjonen er ikkje identisk, men liturgien er grunnleggjande repeterande og det vil virke framandgjerande å ha for store variasjonar. Dette betyr ikkje at ein ikkje kan ha forskjellige typar gudstenester, eller at det ikkje skal vere forskjell på ei vanleg høgmesse og ein familiegudsteneste, men at ein kjerneverdi fyrst og framst må vere attkjenninga og at dette er ein heilt essensiell del av det å involvere folk.²

Høyringstema 2: ALMENNE FØRESEGNER FOR HOVUDGUDSTENESTA

Til dette har eg ikke andre kommentarar enn at biskopen framleis bør vere den som sit med ansvaret for å godkjenne liturgien. Vi må ta på alvor at biskopen har ansvar, som det står i vigselsliturgien,

- 1 Sjø Adne Njå, «Messen som Guds nåde og Kirkens takksigelse: En refleksjon over Luthers messeforordninger med et drøftende sideblikk på liturgi- og trosopplæringsreformen i Den norske kirke,» i «*Hva betyr det?*» *Luthers katekisme i trosopplæringen*, red. Knut Alfsvåg & Joar Haga (Oslo: IKO, Prismet bok), 185-202.
- 2 Om liturgiens repeterande vesen, sjå to bøker av Catherine Pickstock; *After Writing: On the Liturgical Consummation of Philosophy* (Oxford: Blackwell, 1998), spes. s.218.25.35.109.160-161.176-192.226.241-247, og *Repetition and Identity* (Oxford: Oxford University Press, 2013).

for å sjå til at kyrkjelyden får Guds ord og sakramenta, for å «ta vare på den apostoliske læra etter vedkjenninga i vår kyrkje» og for å «fremja og verna einskapen i Guds kyrkje» (som alt kjem til uttrykk fyrst og framst i gudstenesta).³

Høyringstema 3: HOVUDEL I (ledd 1-8)

Høyringsspørsmål 3i: Dagens bøn

Det er positivt at dagens bøn vert obligatorisk i alle hovudgudstenester. Den har historisk og økumenisk tyngde og den knyt saman tema for dagen slik at ein lettare kan komme inn i tekstane.

Høyringsspørsmål 3 j: Andre kommentarar

3a: Førebuing

Dersom det skal vere open kyrkje ei stund før gudstenesta og dersom dette blir argumentert for ved at det då blir lagt betre til rette for «stillhet, lystenning og bønn,» så bør det også bli poengtert at ein ikkje skal snakke, i alle fall ikkje slik at dei som prøver å be ikkje kan konsentrere seg. Det er ikkje realistisk å ha begge deler.

3d: Helsing

Det er ein god ting å påpeike at ein skal stå under helsinga, slik at elementa i opningsdelen, prosesjon, inngangssalme og helsing, vert betre knytt saman.

3e: Samlingsbøn

Det er bra at samlingsbøna vert valfritt element, då denne ofte blir litt smør på fleisk og ikkje har same historiske og økumeniske tyngde som dagens bøn/kollektbøna. I Dnk har den ein viss historisk tyngde, med utgangspunkt i klokkarbøna, men eg hevder det er feil at denne har hatt prioritet over dagens bøn i den gjeldande ordninga.

3f: Syndsvedkjenninga

1. Løftesordet, frå 1. Johannesbrev, bør bli sagt *før* syndsvedkjenninga. Det er ikkje eit absolusjonsord og løfter er noko ein vanlegvis gir *før* folk gjer eller seier det løftene er knytt til. Slik det er i dagens ordning, og slik det framleis blir lagt opp til i høyringa, framstår dette lite logisk. Ein skal sanna syndene sine, men får ikkje *løftet før etterpå*. Her ser det ut som at nokon har misforstått forskjellen på absolusjon og løftesord. Dette blir berre forsterka ved at ein vil ta bort høve til å vise til det dobbelte kjærleiksbodet før syndsvedkjenninga. Forslag til endring:

Nynorsk: «Guds miskunn er stor, han som seier i sitt ord: *Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd*. Lat oss difor bøya oss for Gud og sanna syndene våre.»

Bokmål: «Guds barmhjertighet er stor, han som sier i sitt ord: *Dersom vi bekjenner våre synder, er han trofast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og renser oss for all urett*. La oss derfor bøye oss for Gud og bekjenne våre synder.»

2. Det er ikkje bra at ein har fjerna høve til å bruke den såkalla klassiske syndsvedkjenninga («Herre Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg...»), alternativ 6. Det er nok sant at den, sidan revisjonen, ikkje har vore blant dei mest brukte i Dnk, men den er brukt av nokre og den er framleis i bruk i mange norske frikyrkjer og den har ein historisk tyngde, samstundes som den på ein sær sars god måte set ord på ei luthersk forståing av synd og soning.

³ *Gudstenestebok for Den norske kyrkja* (to bind, Oslo: Verbum, 1996), bind 2, s.120.

3g: Kyrie

Det er positivt at kyrie-leddet blir obligatorisk. Dette gjer det enklare å bli kjent med liturgien og det knyt den sterkare til dei kyrkjene vi er i kommunion med elles i verda.

Høyringstema 4: HOVUDEL II (ledd 9-17)

Høyrings spørsmål 4: Endringsforslag eller kommentarar

4a: Kyrkjelydssvaret etter tekstlesing

Det er ikkje bra at ein vil fjerne høve til kyrkjelyden å gje tilsvar etter tekstlesing. Det er kanskje ikkje mange som har innført det, men dette er praksis i stor delar av verda, inkludert i t.d. Church of England som vi er i kommunion med. Det er også ein uting å fjerne ledd som styrkar kyrkjelyden si aktive deltaking i liturgien. Her ser vi, paradoksalt nok, at ein fjerner noko som opnar opp for involvering av andre enn dei som har ein definert *teneste*. Messa er ikkje ei framføring ved prestar og såkalla medliturgar, men ein stad der ein saman tilber den treeinige Gud og tek imot gåvene hans. Her bør det vere høve til å velje og ein burde kanskje lagt inn fleire stader med tilrop (t.d. 'amen' etter nattverdbøna, slik det er elles i verda).

4c: Hallelujavers ved evangeliet

Eg er personleg særst glad for at ein har innført hallelujavers før og etter evangelielesinga, men det er ikkje alle stader der det er naturleg å ha dette. Mange stader er det lange tradisjonar for å syngje ein salme før evangelielesinga og dette bør det framleis vere lov til. Det bør også opnast for at ein i dei kyrkjelydane ein nyttar hallelujavers kan nytta noko anna i advent- og fastetida, slik tradisjonen er elles i verda. Eit døme på dette er at nokre, i desse delane av kyrkjeåret, deler opp ein salme (t.d. *Som spede barnet drikk si mjølk*) og syng den før og etter evangelielesinga. Dersom vi skal innføre ei endring med referanse til økumenisk praksis må vi også sjå til at det faktisk er i tråd med den økumeniske praksisen vi bruker som argumentasjon. Den norske kyrkja treng ikkje finne opp det liturgiske hjulet på nytt.

Vidare er det underleg at det blir argumentert for at ein song eit hallelujavers før førre revisjon (i 1977-liturgien), når denne forma («Gud være lova, halleluja...») ikkje er eit av alternativa. Dersom det var mogeleg å syngje denne som hallelujavers hadde det nok mange stader vore enklare å innføre det, spesielt sidan dei allereie kan den. Folk hugsar den frå den førre liturgien og den er jo brukt kvar einaste gudsteneste som del av sendinga eller velsinginga. Dette knyt også dei einskilde delene av gudstenesta meir saman.

Det er også mange stader tradisjon for at ein går rett frå evangelielesinga til preika og at evangelielesinga skjer frå preikestolen eller staden der presten preiker frå. Dette er det lange tradisjonar for og det bør det vere høve til å halde fram med.

4d: Preike

Her ser vi eit problem med denne høyringa, det at den berre kjem med justeringar på bokmål slik at ein må gjette seg til kva det blir på nynorsk. På nynorsk er det *ikkje* 'betre språk' å seie «som var, er og blir/vert» enn «som var, er og vera skal,» spesielt med tanke på rytmen.

Vidare er det problematisk å innføre «lova vere Gud, vår skapar, frigjerar og livgjevar» som alternativ til «ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.» Sistnemnde er ein trinitarisk formel som nemner personane i guddomen, medan fyrstnemnde er ein tilfeldig oppramsing av tre karaktertrekk ved Gud som er like sanne for alle dei guddomlege personane. Nemninga 'Fader' er eit namn på same måte som 'far,' 'pappa' 'mor,' 'mamma,' etc. er det namnet eit barn bruker om foreldra sine. Dette er ikkje berre metaforar, verken når vi bruker dei om Gud eller om menneske, men *namn* som faktisk seier noko om personen. Nemningar for Gud og hans verk blir ikkje

trinitariske formlar berre fordi vi nemner tre av dei i lag. Ord som ‘far’ og ‘son’ er som sagt namn på lik linje med t.d. ‘far’ og ‘mor’ eller ‘mamma’ og ‘pappa.’ Dei betoner ein personleg relasjon som går tapt idet vi bruker andre nemningar. Dei betoner fyrst og framst relasjonane i treeininga. Eg bruker ‘mamma’ og ‘pappa’ som tiltaleform overfor foreldra mine. Eg ville aldre funne på å heller kalle dei for ‘klesvaskaren’ eller ‘kokken’ (for dermed å redusere dei frå personar til funksjonar, sementert i kvar si ‘rolle’). Overført til Gud blir dette ein form for modalisme der personane berre blir funksjonar ved Gud.

Og grunnen til dette, til at ein ikkje kan bruke ein generell funksjon som *namn* på ein guddomleg person er at namna på dei guddomlege personane nemner relasjonane mellom desse. Faktisk så *er* desse relasjonane dei guddomlege personane. Dette heng saman med korleis vi kan seie at det er éin Gud i tre personar. Å tru på den treeinige Gud er ikkje å tru på tre gudar. Men det er heller ikkje å tru på tre personar på same måte som vi er personar. Dei tre guddomlege personane står i relasjon til kvarandre og når vi bruker ordet ‘person’ er dette ei nemning for desse relasjonane. Faderen er ikkje Sonen eller Anden, Sonen er ikkje Faderen eller Anden, Anden er ikkje Faderen eller Sonen, men alle tre er skapar, alle tre er frigjerar. Dermed kan ikkje dette stå som eit *alternativ* til ein trinitarisk formel.

4i: Forbøna

1. Nokre kyrkjelydar har ikkje bytta salmebok og difor kan det vere lurt å vise til begge to.
2. Det står i forslaget: «Under takkofferet kan det fremføres egnet instrumental- eller vokalmusikk» (når ein samlar inn offer under forbøna, dei gudstenestene det ikkje vert feira nattverd). Dette bør ikkje bety at ein ikkje kan syngje ein salme, slik som før.
3. Det er ikkje nødvendigvis berre positivt at ein ikkje kan ha nattverd under ei bønemandring. Mange stader har dette blitt innarbeiddt i familiegudstener og fungerer bra. Dersom det er høve til å gjere dette i ein familiegudstene som er søndag kl. 1100 bør det i så fall presiserast. Dette er som sagt ein revisjon av hovudgudstena, ikkje av gudstenerereforma som sådan.

Høyringstema 5: HOVUDEL III (ledd 18-21)

Høyringsspørsmål 5a: Kommenterar til nattverdpraksisen

Mange stader har ein innført utelukkande intinksjon, og det er ikkje udelt positivt. Nokre går ikkje til nattverd dersom det ikkje er kneling og drikking og dei bør ikkje utelukkast. Det beste er nok å ha litt variert praksis, ut frå lokale forhold og den einskilde gudstena sin karakter.

Høyringsspørsmål 5b: Kommenterar til ordval

1. Endringa frå ‘*hans* herlegdom’ til ‘*din* herlegdom’ er vel strengt tatt ikkje ei endring frå 2011-liturgien. Der står det jo ‘*din* herlegom.’ Dette er vel heller eit spørsmål om den einskilde kyrkjelyd sin vilje eller evne til å lære den nye formuleringa. Eg er glad for den nye endringa, då vi då kjem nærare systerkyrjene våre, men det må også seiast at dei bibelske salmane er fulle av slike språklege ‘krumspring’ der ein snakkar *til* Gud både i 2. og 3. person, slik som t.d. Sal 71,16: «Eg vil tala om *Herren Guds* storverk, forkynna *di* rettferd, *di* åleine.»
2. Mange stader på vestlandet er ‘lekam’ eit heilt vanleg ord i dialekta og for mange er ‘kropp’ unaturleg. Det same gjeld truleg for ordet ‘legeme.’ Det er altså ikkje berre eit ‘religiøst’ eller ‘høgheilag’ ord. Her bør lokal bruk vere styrande.
3. Eg ser ikkje problemet med å bruke ‘kalk.’ Born klarar å lære seg nye ord og språket er stappfullt av like ord som betyr forskjellige ting. Og etter mi erfaring er ikkje ‘beger’ betre, i og med at kyrkjelyden ofte ikkje drikk av det (grunna bruken av særkalkar) og sidan mange born og unge tenker på noko heilt anna enn ein nattverdskalk når dei høyrer ordet beger.

Høyringspørsmål 5c: Takkofferet som del av nattverden

Det er særst positivt at ein no får fram at nattverden også skal ha eit offertorium og at dette er ein del av nattverden, ikkje førbøna. For meir utfyllande argumentasjon for nattverdens offerkarakter innan luthersk teologi, sjå artikkelen min; Kjetil Kringlebotten, «“Do this in remembrance of me ...” A Lutheran defence of the sacrifice of the mass» (*Studia Theologica: Nordic Journal of Theology* 71:2, 2017), 127-147 (<http://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/0039338X.2017.1323797>).

Det som er mindre positivt er at ein no mistar høve til å ha ei meir økumenisk offertoriebøn. I rubrikkane frå 1977- og 2011-liturgiane stod det: «Ofringa kan avsluttast med ei kort bøn, til dømes denne...» Men no ser det ut som ein blir låst fast i éi bøn som eg vil hevde ikkje på godt nok vis uttrykker at brødet og vinen også er blant gåvene vi ber fram for Gud. Mange vil nok oppleve at gåvene ein snakkar om utelukkande er pengene som har blitt samla inn. Difor bør brødet og vinen eksplisitt nemnast som del av det som blir borte fram, i tillegg til at ein meir eksplisitt bør knytte dei til nattverden. Forslag til endring:

Din er jorden og alt som fyller den. Av ditt eget har vi gitt deg tilbake disse gaver og dette brødet og denne vinen som vi bærer frem for deg, frukter av jorden og vintreet, og av menneskers arbeid, som for oss blir livets brød og frelsens beger/kalk. Ta imot oss og gavene våre i Jesu navn. Amen. (Bokmål)

Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige har vi gjeve deg attende desse gåvene og dette brødet og denne vinen som vi ber fram for deg, frukter av jorda og vintreet, og av menneskehenders arbeid, som for oss vert brødet til liv [el. livsens brød] og begeret/kalken til frelse. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen. (Nynorsk)

Teksten er litt lenger, men fangar mykje betre at kyrkjelyden sitt takkoffer også inneber brødet og vinen som Gud gir oss tilbake att til frelse i sakramentet. Det er også med å setje ord på at dette faktisk er kyrkjelyden sitt offer. Brødet og vinen vert ikkje magisk materialisert på altaret. Nokon har høsta druene og kveiten, nokre har knust druene og laga mjølet, nokon har laga vinen og bakt brøda og nokon, inkludert den einskilde kyrkjelyd, har betalt for alt dette. Dette *er* kyrkjelyden sitt takkoffer. Eit anna problem med å skilje framberinga av brødet og vinen frå pengeofringa, som blir løyst ved det nye forslaget om å knyte dei saman, er at det kan skape eit bilete av at nattverden er noko vi får, medan pengane er noko vi gir. Men poenget er at alt er ei gåve frå Gud som gir oss høve til å gi tilbake det vi får i takk og lovprising.

Høyringspørsmål 5e: Kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20

1. Det er ikkje bra at ein byttar om på brødsbrytinga og fredshelsinga. Fredshelsinga høyrer i alle andre samanhengar til *før* brødsbrytinga (i nokre tilfelle før offertoret) og brødsbrytinga høyrer historisk sett saman med *Agnus Dei*. Denne endringa har ingen historisk eller økumenisk grunnjeving og bør gjerast om. Dersom det skal skje ei endring må det vere i andre retninga. Brødsbrytinga bør, slik praksis er i så og seie alle andre kyrkjesamfunn, plasserast anten *samstundes med* eller *etter* *Agnus Dei*.
2. Det bør vel vere opp til den einskilde prest kva velsigningsord ein bruker overfor dei som ikkje tek imot nattverd, men vil ha velsigning. Dette gjeld ikkje berre born, men også t.d. vaksne romersk-katolske eller ortodokse som vil ha velsigning, men ikkje vil ta imot sakramentet. Ei formulering som eg har brukt, og som knyt saman nådemidla og får fram dåpen som inngangsport, er denne: «Herren velsigne deg og vare deg i di dåpspakt frå no og til evig tid, i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Amen.» Er ikkje vedkommande døypt kuttar eg ut «...og vare deg i di dåpspakt frå no og til evig tid...»

Høyringstema 6: DEI EINSKILDE NATTVERDBØNENE

Høyringsspørsmål 6: Kommenterar eller endringsforslag til nattverdbønene

5g: Nattverdbøn A

Det bør presiserast kva som blir meint med at ein medliturg kan lese deler av nattverdbøna. Det bør ikkje vere med å undergrave eit luthersk embetssyn.

5h: Nattverdbøn B

Det er bra at denne har blitt litt utheva. I 2011-liturgien var denne for nedkorta.

5k: Nattverdbøn E

Det er *ikkje* positivt at ein har bytta familiemotivet ut med venemotivet. Venemotivet er eit eit godt motiv, men poenget er vel at vi er blitt Guds born, ikkje berre Guds venner. Dermed kan ein også lettare peike på dåpen, der vi blir fødd på nytt, som inngangsporten til nattverdbordet. Nokre kan kanskje innvende at det ikkje er alle som har gode fedre. Men det er vel ikkje alle som har gode vener og kjente heller. Men det at Gud er vår Far og at vi er søsken i han er ein viktigare og meir sentral del av det bibelske gudsbiletet enn det at han er vår ven.

5l: Nattverdbøn F

Det er særst positivt at ein har teke inn Johannesordninga. Men det er *ikkje* positivt at ein har fjerna ‘allmechtige Herre, nådige Far’ og bytta det ut med ‘heilage Gud.’ Dette er ikkje i tråd med økumenisk gudstenestespråk og bør gjerast om. For argumentasjon, sjå tidlegare.

5m: Nattverdbøn G

Denne er mykje betre enn det som kom i 2011-liturgien. Spesielt det å skulle repetere ‘Gud vil vi takka og æra’ etter prest eller medliturgi kjendest unaturleg for mange og som smør på flest. Det er derimot dumt at ein har redusert frå tre bønalternativ før innsetjingsorda til eitt.

Høyringstema 7: HOVUDEL IV (ledd 22-25)

Høyringsspørsmål 7: Kommentar til sendingsdelen

Det er positivt at ein understrekar at ein skal stå under siste salmen. Det får betre fram at ein syng saman og understrekar betre at salmen er ei felles lovprisning.